



Tårnagentkoret ynskjer velkomne til Førpåskekonsert i kyrkja neste fredag, 9. mars kl. 18.

**Neste fredag er det dukka for ny konsert i Uskedal kyrkje kl. 18, denne gongen med tittelen Førpåskekonsert. Den kreative og alltid aktive kantoren, Eva Megyesi, har regien og det vert framføringar av Tårnagentkoret og kyrkjekoret Nordsaang. Eva sine innslag er frå komponistane Bach, Mozart og D. Buxehude.**

Tårnagnetkoret er eit barnekor for born frå 1. klasse og oppover. Musikalsk leiar eg Eva Megyesi. Med seg har ho Nelly og Jon Harald Kjærland. Lisa og Trude er også med. Uskedal sundagsskule driv dette koret. På konserten vil barnekoret syngja i to avdelingar.

Kyrkjekoret Nordsaang har kyrkja som sin faste øvingsplass, kvar måndag frå kl. 17.30. Nordsaang er eit blanda kor med songarar frå mange bygder på fastlands Kvinnherad. På Førpåskekonserten vil dei mellom anna framføra den svenske salmen Eg er ein gjest i verda, omsett til nynorsk av Tormod Vågen frå Uskedalen.

Kantoren vil framføra tre stykke på orgel, mellom anna Bach - Vivaldi: To satsar frå Concerto i d moll og Ave Verum av Mozart.

Arragøren lovar at det vert ein gild konsert med mykje fin barnesong og elles tekstar som fører tankane fram mot påske.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tårnagentkoret